

Saksbehandlar: Paal Fosdal, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/2394-13

## Eigarstyring - Trivselshagen IKS

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet viser til vedlagde rapport av 1.desember 2018 frå Vidsyn Rådgivning AS og tek denne til orientering.
2. Fylkesutvalet føreset at systemavvik vert retta opp og tilrådde tiltak i rapporten sett i verk, herunder at selskapet får på plass eit system som fordelar inntekter og utgifter på ein rettviss måte i samsvar med intensjonen.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen greie ut alternative organisasjonsmodellar, primært knytt til å dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar med kvarandre. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen, i budsjett rapporten pr. 1. tertial 2019, kome med framlegg til finansiering av utgreiingsarbeidet - dersom dette viser seg naudsynt.

### **Vedlegg:**

1: Rapport frå Vidsyn Rådgivning AS. Rapport datert 1.desember 2018

2: Førebels tilbakemelding frå Gloppen kommune. Brev datert 25.02.19. Dette brevet er kopla på saka etter at denne var ferdigstilt/godkjend. Brevet er såleis ikkje kommentert i saka, - det vil bli kommentert i fylkesutvalet.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1) Bakgrunn for saka**

Trivselshagen IKS er eit interkommunalt eige-domsselskap (IKS) oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.januar 1999. Selskapet vart skipa 7. mars 2007 og har organisasjonsnummer 991625348.

Selskapet har Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune som deltakarar med lik ansvars- og eigardel, dvs. 50 % kvar.

Føremålet til selskapet er å planleggje, byggje, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall mv. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane. Fellesprosjektet omfattar både nybygga i funksjonsplanen og rehabiliteringa av Firdahallen.

I selskapsavtalen vart det ved skipinga lagt opp til at kommunen og fylkeskommunen kvar skulle skyte inn 40 mill. kr i selskapet. I tillegg skaut fylkeskommunen inn verdien av Firdahallen med 15 mill. kr. Eigardel og ansvarsdel for deltakarane skal likevel vere 50 % på kvar. Begge partar har seinare auka eigarinnskotet med 7,1 mill. kr kvar.

Når det gjeld ev. uttrede frå selskapet (§ 12 i selskapsavtalen), er dette regulert slik at ein deltakar ved eitt års skriftleg varsel kan seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av selskapet. Slik uttrede kan tidlegast skje 10 år etter at selskapet er skipa og kan berre skje pr. 31. desember.

Dei to leigetakarane, kommunen og fylkeskommunen, har tilnærma identiske leigeavtaler, med unnatak av varigheit. Fylkeskommunen sin avtale gjekk ut 1. august 2018 og vart då automatisk forlenga for nye 5 år. Gloppen kommune sin avtale går ut 1. august 2038.

Vi har sidan etableringa av selskapet erfart uklare tilhøve knytt til rollefordeling og ansvarsdeling i drifta av Trivselshagen IKS. I eigarmøte 16. april 2018 vart partane samde om ein gjennomgang av selskapet for å sjå om det er aktuelt å gjere endringar.

Styret handsama dette 27. august 2018 og 11. september 2018 vart Vidsyn Rådgivning AS engasjert til dette arbeidet.

I rapport datert 1. desember 2018 la Vidsyn Rådgivning AS fram resultatet av arbeidet som omhandla kartlegging og tilrådingar i høve organisasjonsform og -struktur. Rapporten (vedlegg) er lagt fram for styret og medlemene i representantskapen (eigarane), først i møte 22. januar 2019 og deretter drøfta vidare i eigarmøte 15. februar 2019.

#### Rapporten frå Vidsyn Rådgivning AS

Rapporten startar med å skildre og ajourføre det formelle grunnlaget for Trivselshagen IKS. Det er punkt i selskapsavtalen som ikkje er på plass, og det vert tilrådd fleire tiltak for å rette opp dette. Vidare er rollar og organisasjonskultur kartlagt. Rapporten peikar på at samarbeidsklimaet er relativt dårleg og konfliktnivået høgt. Dette er for det meste systemrelatert, men òg knytt til organisering og leiing. I den delen av rapporten som omhandlar grensesnitt og konfliktar, er det fleire døme på dette. Rapporten gir tilrådingar om systemendringar, men òg tiltak for å stimulere til betre samarbeid og gode prosessar. Den peikar på det viktige skilje mellom eigarutøving og drift. Representantskapen er eigarorganet, medan styret er ansvarleg for drifta av eigeoms-selskapet. Rapporten peikar på døme der den eine eigaren, Gloppen kommune, brukar «snarveg» og går direkte på styret/dagleg leiar for å påverke drifta. Dette aukar konfliktnivået i vanskelege saker.

Gjennomgangen av økonomi og tenester, med vurdering av m.a. kostnads- og inntektsfordelinga, viser fleire døme på avvik frå det som var intensjonen. Selskapet fungerer ikkje som eit eigeoms-selskap. I dag er det ein «hybrid» med både eigeomsforvaltning og drift av fleire tenester og innhald. Eit typisk døme er at kostnadene ved drifta av badeanlegget (løn til badevaktene) blir ført på IKS'et, medan inntektene går uavkorta til kommunen. Dette er i strid med intensjonen. Tilrådinga er å reversere dette og bringe selskapet attende til å bli eit eigeomsselskap. Det vil føre til at kostnads- og inntektssida ved innhald og tenester må følgje kvarandre.

Rapporten har og sett på bruksfrekvens og fordeling av areala Trivselshagen IKS leiger ut. Ved starten la ein til grunn ei stipulert fordeling med om lag 1/3 bruk for fylkeskommunen (Firda vgs) og 2/3 for kommunen. Etter evaluering og på bakgrunn av forslag frå dagleg leiar, er det berre gjort mindre endringar sidan starten i 2008. Likevel tenderer det mot at fylkeskommunen har noko mindre bruk (2%) enn det som opphavleg var stipulert. Rapporten tilrår at ein ikkje endrar den opphavlege fordelinga.

Det er og føreteke ei strategisk analyse. Denne syner sterke og svake sider, moglegheiter og truslar. Dei svake sidene er i dag dominerande.

Rapporten beskriv og handlingsrommet og alternative styringsformer, men oppsummert vert det tilrådd å halde fram med IKS'et, under føresetnad av at systemavvik vert retta opp. Den gir meir enn tjue tilrådingar på deltema. Dei viktigaste er:

- Etablere gode prosessar og møteplassar for samarbeid
- Fordele inntektene frå utleige av fellesareala
- Få samsvar mellom driftskostnader og -inntekter
- Overføre ei rad driftsoppgåver til kommunen og soleis føre selskapet attende til å bli eit reint eigeomsselskap.

Rapporten er klar på at styret og eigarane må ta tak og «rette opp skuta». Om ein ikkje lukkast med dette, vert det tilrådd å tre ut av IKS'et og la eigarane ta med sin del av buet og leige til/av kvarandre. Ein konsekvens av ei slik løysing vil altså vere at IKS'et må oppløysast. Det vil i så fall vere naturleg at kommunen tek idrettsbygget (kommunal grunn) og fylkeskommunen kulturhuset (fylkeskommunal grunn) og at ein leiger areal hjå kvarandre gjennom gjensidige avtalar.

## **2) Fylkesrådmannen si vurdering**

Fylkesrådmannen har gått gjennom rapporten og langt på veg fått stadfesta at det er ei skeivfordeling i høve fordeling av driftskostnader og -inntekter, samt aktivitet og utleige av fellesareal. Dette var og ein del av grunngjevinga frå fylkeskommunen for å ta opp spørsmålet om dagens organisering er hensiktsmessig eller om ein bør søke nye løysingar.

Fylkesrådmannen ser nokre utfordringar/viktige moment i saka:

- Rapporten er klar på at skal ein lukkast med å vidareføre dagens organisering og drift, slik ein primært tilrår, føreset det at:
  - systemavvik vert retta opp og tilrådde tiltak (21 stk.) vert sett i verk.
  - kommunen godtek å reversere mykje av den uheldige praksisen som har utvikla seg dei seinare åra (jf. kap. 10 Tilråding).
  - styret og dei andre aktørane tek tak i utfordringane/problema. Berre gjennom å løyse desse er det mogeleg å utnytte potensialet som ligg i felles eigarskap.
- Det er avgjerande at selskapet får på plass eit system som fordelar inntekter og utgifter på ein rettvis måte i samsvar med intensjonen. Den sannsynlege konsekvensen er at dette i nokon grad vil kunne utfordre den kommunale økonomien.
- Rapporten tilrår å overføre ei rad driftsoppgåver til kommunen og soleis føre selskapet attende til å bli eit eigedomsselskap. Det er likevel naturleg å vurdere i kva grad ein treng dette, då fylkeskommunen i dag har ei etablert ei eigedomsavdeling som fullt ut er i stand til å drifte slike areal i eiga portefølje.
- Den totale ressursbruken ved eksisterande modell er omfattande. Ei organisering med representantskap, styre, dagleg leiar mv. er i seg sjølv ressurskrevjande.

### **3) Konklusjon**

Etter ei samla vurdering vil fylkesrådmannen tilrå at alternative modellar til dagens IKS vert utgreia og vurdert. I ei slik vurdering bør vi og sjå på om det i det heile er trong for eit slikt selskap. Her bør ein særleg ta omsyn til dei to siste kulepunkt i avsnittet over. Ei slik utgreiing er også ei oppfylgning av fylkesutvalet sitt vedtak i sak 37/18 den 16.04.18 ( jf. pkt. 5, 3. kulepunkt):

*« Fylkesutvalet ynskjer at representantskapen ber om at ny organisasjonsform vert utgreia»*

Fylkeskommunen har, i samarbeid med andre kommunar med tilsvarande løysingar, utvikla ein praksis der partane eig kvar sin ideelle eller fysiske (konkrete) del av eit felles bygg og der ein gjer avtalar med kvarandre om leige og drift. Her har vi gode erfaringar ved t.d. Eid vgs/Operahuset og i Førde/SFKM. Fylkesrådmannen vil prioritere å utgreie ei tilsvarande løysing.

Når utgreiinga ligg føre, kan ein vurdere fordelar/ulempar med ein ny modell. Eigarane treng ikkje vere samde om ein eventuell prosess med endra organisering. Om ein av eigarane ikkje er tilfreds med utviklinga kan selskapsavtalen seiast opp og oppløysinga gjennomførast.

Gitt føringane for uttreden må fylkestinget fatte eventuelt vedtak seinast i oktober 2019.